

Runer frå utgravingane i Trondheim bygrunn 1971–94

Med eit tillegg av nyfunne innskrifter elles frå byen (N774–N894)
Av Jan Ragnar Hagland

(Manus til "Norges Innskrifter med de yngre Runer" (NlyR) bind 7)

KJØPMANNSGATA 20-26 (FOLKEBIBLIOTEKSTOMTA)

VIII. INNSKRIFTER UTAN SPRÅKLEG MEINING.

[874] N-21142. (Tidlegare omtala: Hagland 1986: 41: 1990b: [35].)

Innskrifta står på ein bit av ein dekorert kleberstein. Opphavleg synest biten å ha vore rombeforma med eit hol i midten. Steinstykket er brote av i holet som har vore ca. ein tomme i diameter. Stykket er også kløyvt langsetter på flatsida. På den bevarte biten er såleis berre den eine sida dekorert. Dekorasjonen er ei bladrosettliknande utskjering. Slik gjenstanden no er, er største ytre mål 65 x 59 mm. Han er 16 mm tjukk. Funnet vart gjort i 1974, felt FE, hovudfase 7/8. Det tilseier arkeologisk datering av funnkonteksten til tida mellom ca. 1175 og 1275.

På ei side er toppen av tre runer bevart. Av r. 1 er berre toppen av ein stav att. R. 2 har toppen av stav med tilsvarande del av boge ned til høgje, og r. 3 toppen av stav med kvist eit stykke ned frå staven og opp til toppnivå på høgje side. R. 3 må såleis nokså sikkert kunna lesast som **k**. R. 1 kan i alle fall ha vore **a, n, i, e, æ** og **y**, r. 2 **u, r** og **b**.

? ? Y(?)

? ? k(?)

Med alle dei variasjonar som her er moglege for r. 1 og 2, vil ei eventuell språkleg meining her vera heilt open.